

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
096/22	Formannskapet	PS	20.10.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Christopher Marius Straumøy	Gbnr-161/12	22/682

### Dispensjon til oppføring av Antennesystem med utstyrhytte - gbnr. 161/12- Bjørnøya

#### Vedlegg:

Søknad - gbnr 161/12 - Bjørnøya - antennesystem med utstyrshytte

2\_ANNET\_TiltakshaverSignatur\_Tiltakshavers\_samtykke\_49274d43-9d51-4000-83ee-9540528a8ef8.pdf

4\_KART\_Situasjonsplan\_Oversiktskart 1\_5000 PDF.pdf

5\_KART\_Situasjonsplan\_Situasjonskart 1\_1000 PDF.pdf

6\_TEGN\_TegningNyFasade\_HRDA56 Foto og Illustrasjon.pdf

7\_TEGN\_TegningNyFasade\_20m med hytte.pdf

8\_ANKO\_ErklæringAnsvarsrett\_ErklæringOmAnsvarsrett-PRO\_PRO INVENIA AS.pdf

11\_ANKO\_Gjennomføringsplan.pdf

12\_\_Vedleggsopplysninger.pdf

Svar - søknad - gbnr 161/12 - Bjørnøya - antennesystem med utstyrshytte

Supplering av søknad - gbnr 161/12

2. valideringsrapport frå fellestjenester bygg

3.Dispensasjonssøknad HRDA56 Bjørnøya gbnr 161/12

4. Kopi av avtale med grunneier

5 .Søknad - gbnr 161/12 - Bjørnøya - antennesystem med utstyrshytte.pdf

6.Vedleggsopplysninger

7. Vedleggsopplysninger

8.Skjema

AcosSvarInn.xml

Dispensasjon for oppføring av antennesystem med utstyrhytte - gbnr. 161/12

AcosSvarInn.xml

8.Skjema

7. Vedleggsopplysninger

6.Vedleggsopplysninger

5 .Søknad - gbnr 161/12 - Bjørnøya - antennesystem med utstyrshytte.pdf

4. Kopi av avtale med grunneier

3.Dispensasjonssøknad HRDA56 Bjørnøya gbnr 161/12

2. valideringsrapport frå fellestjenester bygg

Supplering av søknad - gbnr 161/12

Svar - søknad - gbnr 161/12 - Bjørnøya - antennesystem med utstyrshytte

AcosSvarInn.xml  
13\_Skjema\_KAN-INNEHOLDE-PERSONOPPLYSNINGER.xml  
12\_\_Vedleggsopplysninger.pdf  
11\_ANKO\_Gjennomføringsplan.pdf  
10\_\_Vedleggsopplysninger\_KAN-INNEHOLDE-PERSONOPPLYSNINGER.xml  
9\_ANKO\_Gjennomføringsplan\_KAN-INNEHOLDE-PERSONOPPLYSNINGER.xml  
8\_ANKO\_ErklæringAnsvarsrett\_ErklæringOmAnsvarsrett-PRO\_PRO INVENIA AS.pdf  
7\_TEGN\_TegningNyFasade\_20m med hytte.pdf  
6\_TEGN\_TegningNyFasade\_HRDA56 Foto og Illustrasjon.pdf  
5\_KART\_Situasjonsplan\_Situasjonskart 1\_1000 PDF.pdf  
4\_KART\_Situasjonsplan\_Oversiktskart 1\_5000 PDF.pdf  
3\_\_valideringsrapportFraFellestjenesterBygg.xml  
2\_ANNET\_TiltakshaverSignatur\_Tiltakshavers\_samtykke\_49274d43-9d51-4000-83ee-9540528a8ef8.pdf  
Søknad - gbnr 161/12 - Bjørnøyna - antennesystem med utstyrshytte

### **Framlegg til vedtak:**

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt antennesystem med utstyrshytte:

1. Det må søkast om og føreligge godkjent igantsettingsløyve før tiltak kan iverksetjast på staden.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland og Vestland Fylkeskommune for klagevurdering

### **Formannskapet - 096/22 - 20.10.2022**

#### **FS - behandling:**

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det vert avgrensingar i bruken av Bjørnøyna med denne installasjonen, her svara Straumøy at det er ikkje vert avgrensingar.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) sa at antenna vil vera synleg frå store område, slik den er plassert.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS vedtak:**

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt antennesystem med utstyrshytte:

1. Det må søkast om og føreligge godkjent igantsetningsløyve før tiltak kan iverksetjast på staden.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland og Vestland Fylkeskommune for klagevurdering

## **Saksopplysninger:**


### **Bakgrunn**


Søknad gjeld dispensasjon frå KPA når det gjeld LNFR-areal og byggeforbudet i strandsona, jf. pbl. § 1-8 andre ledd. Søkar ønskjar å setje opp eit nytt antennesystem (ca 20 m høgde) MED tilhøyræe utstyrshytte for teleteknisk utstyr på ca 8m<sup>2</sup> BRA på eigedom gbnr. 161/12 på Bjørnøya.



Utsnitt frå KPA – LNFR avett på landområdet.

Tiltakets koordinater (ca):  
32632- UTM32N  
N: 6748023  
Ø: 273220  
H: 51 m.o.h







*Figur 1: Foto oversiktsbilder fra nord*







*Figur 3: Illustrasjon av mast*




Mastehøyde: 20m (seksjon 3-6)  
Universalmast Type SX5

Takfall: 22,5°  
Takutstikk: 300mm  
Total høyde hytte: 3150mm  
Std. farge hytte: "Fjellgrå"



Mastehøyde: = 20 meter  
Fundament: = Opptil 1 meter over terreng  
Totalt: = Opptil 21 meter



Søkar skriv følgande:

#### REDEGJØRELSE:

Bakgrunnen for behovet om å oppføre en basestasjon på omsøkt plassering er utbygging av et stabilt kommunikasjonsnettverk i det omkringliggende området og tilrettelegging for 5G.

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) utdelte høsten 2021 lisenser på nye frekvenser som benyttes for å bygge mobilnett og mobilt bredbånd i Norge. Det er et uttalt mål fra myndighetene å sikre bredbåndsdekning til hele Norges befolkning i løpet av 2025. Mobil bredbåndsdekning vil i mange tilfeller kunne erstatte nedleggning av det eksisterende kobbernettet, samt gi innbyggerne en mer moderne og robust mobil infrastruktur. I den forbindelse vil Telia etablere en ny mast på Bjørnøyna i Austrheim kommune. Fra denne plasseringen vil Telia sørge for god mobil og bredbåndsdekning til et område som i dag ikke har det. Telemasten opptar et lite areal, og vil ikke være til hinder for ferdsel i området. Det er ikke behov for vei fram til basestasjonen, eller inngjerding av basestasjonen.

## Begrunnelse

Telia er i sin konsesjon forpliktet til å sørge for tilgang til mobile kommunikasjonstjenester der mennesker bor og oppholder seg. For å oppfylle dette, er det nødvendig med etablering av nye basestasjoner. Omsøkte plassering er valgt ut fra radiotekniske årsaker. Ved å plassere basestasjonen her, vil den gi dekning for et størst mulig areal samt tilby dekning i et område hvor fastnettet skal nedlegges.

Basestasjonen vil gi bedret dekning og kapasitet i område rundt. Fra et sikkerhetsperspektiv er det viktig at teleoperatørene både opprettholder, utbygger og forbedrer sine nettverk. Stor belastning krever større kapasitet på nettverket. Et godt utbygd kommunikasjonsnettverk er et viktig virkemiddel for økt innovasjon og verdiskapning i næringslivet, og er avgjørende for innbyggernes muligheter til samfunnsdeltagelse og tilgang til tjeneste på nett i alle deler av landet. Videre er det en forventning i befolkningen om god dekning for mobile kommunikasjonstjenester, og god dekning og kapasitet i nettet kan være kritisk i eventuelle nødsituasjoner. Basestasjonen trenger ikke mye vedlikehold, utover byggeperioden vil den være lite besøkt, og vil ikke være til hinder for ferdsel i området. Basestasjonen skal ikke gjerdes inn, og der skal ikke være egen anleggsvei frem, det skal kun føres strøm fram.

I områder der det ikke er høye bygninger eller andre master man kan plassere teleteknisk utstyr, må man bygge nye master for å få dekning for mobile telekommunikasjonstjenester. I dette området er det ingen høy infrastruktur i form av høye bygninger eller eksisterende master som er egnet for plassering av ny basestasjonen, og det er dermed ingen andre alternativer enn å bygge ny mast dersom man skal oppnå bedre dekning og kapasitet i nettet i behovsområdene. Valg av plassering gjøres for minst mulig inngrep for best mulig dekningsomfang.

Tiltaket er nødvendig i området og det vil fortsatt fremstå som et LNRF-område. Fordelene ved å innvilge dispensasjon er åpenbart bedret dekning for mobile kommunikasjonstjenester. Ansvarlig søker anser fordelene ved en dispensasjon som klart større enn ulempene. Hensikten bak bestemmelsen vil ikke bli vesentlig tilsidesatt. Det søkes derfor om dispensasjon for å kunne realisere tiltaket.

Området der tiltaket søkes plassert er avsatt til LNFR i KPA 2019-2029 for, stadfestet 11.04.2019 (PlanID 2013001) Tiltaket er i strid med formålet satt i kommuneplanen som fordrer dispensasjon fra arealformålet. Ansvarlig søker har sjekket tiltakets forhold til naturmangfold og kulturminneloven, og tiltaket havner ikke i konflikt med formålet i disse lovene.

Tiltaket plasseres over marin grense, og grunnen består av bart fjell. Det er heller ikke gjort funn på flom- og skredfare.

Omsøkt plassering for tiltaket er på en stor eiendom. Dermed er det også flere av eiendommene som grenser til som ligger i stor avstand i forhold til tiltakets plassering. Ansvarlig søker vurderer det derfor slik at enkelte av naboene åpenbart ikke blir berørt og disse er ikke varslet, jf. pbl. § 21-3 (2), og veiledning om byggesak § 5-2.

Telemasten vil bli meldt inn som luftfartshinder, dersom det innvilges tillatelse. Adkomst og plassering av basestasjon er avklart med grunneier.

## Søknaden vert send til uttale til Statsforvalteren og Vestland fylkeskommune.

Det er ikkje komme inn uttale over 6 veker sidan førespurnad om uttale vart sendt.

## Vurdering

### Naturmangfaldlova, HMS og Jordvern:

Kommunen har vurdert saka etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet. Den samla belastninga for økosystemet vert vurdert

lokalt på staden for omsøkte tiltak og sett i ein større samanheng.

Kommunedirektøren vil og peika på at omsøkte stad ikkje er i område med særskilte natur- eller viltverdiar. Det er heller ingen kulturminneinteresser, friluftslivintereser eller miljøverdiar på omsøkte stad som vil bli rammet av tiltaket. Vidare er det ikkje vurdert at det føreligg noko tryggleiksrisiko for omsøkte tiltak.

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Kommunedirektøren meiner at vern av naturmangfaldet og miljø vert ivaretekne om det vert gjeve dispensasjon som omsøkt.

Kommunedirektøren finn ikkje at dei omsøkte tiltaka vil koma i konflikt med naturmangfaldslova. Kommunedirektøren meiner difor at ein etter naturmangfaldlova kan gjeve dispensasjon her til omsøkte tiltak.

#### **Vurdering etter plan- og bygningslova:**

Vurderinga om dispensasjon skal gjevast etter pbl. § 19-2 må vurderast mot både pbl. § 1-8 om strandsona og etter pbl. § 11-6 om rettsverknaden av kommuneplanen sin arealdel.

Etter pbl. § 1-8 første til tredje ledd følger det:

*«I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.*

*Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringar kan ikkje settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann. Dette er likevel ikkje til hinder for fradeling ved innløsning av bebyggd festetomt etter tomtefestelova.*

*Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikkje annen byggegrensing er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2»*

Bestemmelsen i § 1-8 uttrykkjer eit generelt forbod mot frådeling, oppføring og endring av tiltak i 100 –metersbeltet langs sjøen, med unntak av fasadeendringar. Byggjeforbodet skal sikra ålmenta tilgang til strandsona sine kvalitetar som friluftsliv- natur- og kulturområde. Strandsona er underlagt eit særleg vern, og det er difor ein høg terskel for å dispensera frå §1-8. Kommunen har eit særleg fokus på å hindre at strandsona vert privatisert.

Det søkaste om å setje opp ein mast for å utvilka 5G nettet i kommunen med ein enkel utstyrsbod på 8 m<sup>2</sup> til. Det ligg på ein høgde på ein lite aktiv stad for ålmenta. Omsøkt tiltak er difor ikkje sett på som eit privatiserande tiltak, men noko som skal fremme samfunnet som heiltheit. Det er tale om å utvida fremtidens kommunikasjonsinstrument. Kommunedirektøren meiner difor at omsøkt tiltak på

omsøkt stad *ikkje* vil medføre særleg privatisering av strandsona i området.

Samstundes vil omsøkt tiltak fremme samfunnsmessige behov og fremme allmenne interesser i strandsona her.

Kommunen har vore på synfaring. Det er ganske urørt område som vert omsøkt her. Samstundes er til lite tilgjengeleg og bere ein lita øy ein kjøyra forbi anten eine eller andre vegen. Det er ikkje noko aktivitet på øya. Det er eit sentralt poeng for kommunedirektøren. Det vil føra til ein god løysning for plassering av mast i kommunen. Det ligg sjenert til, på ein høgde og vil ikkje vere sjenerande for mange, tross høgda på ca 20 meter.

Kommunedirektøren ser at omsøkt tiltak eit beskjeden inngrep på staden sett i lys av dagens situasjon. Her vil kommunedirektøren tilsutte seg vurderingane som er gjort av søkar. Tiltaket er heller ikkje til ulempe for friluftsliv, ålmenta, fiskeri eller for biologisk mangfaldet i området.

Kommunedirektøren meiner at omsøkt tiltak ikkje vil redusera samfunnstryggleiken eller vera ein farleg plassering i forhold til vind, ver, flaum eller anna forhold. Nødvendige vilkår knytta til luftfart vil bli ivareteke gjennom vilkår ved handsaming av igangsetjningsløyve.

Plan- og bygningslova (PBL) § 11-6 omhandlar rettsverknaden av kommuneplanen sin arealdel:

*”Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1-6..*

*Tiltak etter § 1-6 må ikke være i strid med planens arealformål og generelle bestemmelser, samt bestemmelser knytt til arealformål og hensynssoner.”*

Utgangspunktet er at ein skal halde seg til vedtatt kommuneplan. Det søkte område går i kommuneplanen over avsatt sone til LNRF areal (for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag).

Det omsøkte tiltak vil nytte allereie eksisterande infrastruktur med etablerte atkomstveger til område. Inne på sjølve LNF-område skal det ikkje etablerast verken permanent eller mellombels annlegsvæg. Slik sett halde ein inngrep i natura til det minimale. Ålmentas ferdsel i strandsona vil ikkje bli negativt påverka av det omsøkte tiltak. Kommunedirektøren kan heller ikkje sjå at omsøkt tiltak vil medføre at noko auka ferdsel som vil kunne føra til konflikt i strid med LNFR-føremålet som allereie er etabet i området. Det er på omsøkt område ikkje landbruksaktivitet.

Tiltak er ikkje vurdert nødvendig å nabovarsla. Kommunen er samd i vurderinga til søkar.

Det føreligg statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. I kapittel 3 går det fram at:

*«Byggeforbudet i pbl. § 1-8 gjelder de tiltak som fremgår av pbl. § 1-6, med unntak av fasadeendringer. Dette innebærer at det i 100-metersbeltet langs sjøen ikke er tillatt å iverksette oppføring, riving, endring, endret bruk og andre tiltak knyttet til bygninger, konstruksjoner og anlegg, terrenginngrep eller opprettelse og endring av eiendom. Byggeforbudet gjelder også annen virksomhet og endring av arealbruk som vil være i strid med arealformål, planbestemmelser og hensynssoner.*

*Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen gjelder også for eldre planer uten fastsatt byggegrense. Dersom kommunen har åpnet for utbygging og fastsatt byggegrense i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, gjelder ikke lovens byggeforbud.*

*I kommuneplanens arealdel kan kommunen gi bestemmelser som tillater visse tiltak i 100-metersbeltet, jf. pbl. § 11-11 nr. 4. Dette gjelder nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs sjøen med sikte på landbruk, reindrift, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til sjøs, jf. pbl. § 11-7 nr. 5 og 6.»*

Vidare har dei statlege retningslinjene lagt opp til ein differensiering av strandsona gjennom planlegging. I kapittel 4 lyd det følgjande:

*«Soneinndelingen tar ikke fullt ut hensyn til lokale forskjeller i utbyggingspress og verneverdier innad i den enkelte kommune. Retningslinjene legger derfor opp til at ytterligere differensiering kan gjøres i kommuneplanens arealdel.*

*I områder med lite utbyggingspress og mye tilgjengelig strandsone, kan det i større grad godkjennes nye tiltak enn i områder som har lite tilgjengelig strandsoneareal og stort utbyggingspress. Tiltak i 100-metersbeltet må alltid vurderes mot hensynet til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.»*

I det vidare er det i kapittel 10 i dei statlege retningslinjene opplista område med mindre press (Sone 3) på arealene. Her er Austrheim kommune opplista som ein av desse kommunene.

Austrheim kommune har gjennom kommuneplanen som gjeld frå 2019-2029 vurdert korleis, og i kva områder det kan byggast for fritidsutleige. Det vert imidlertid umogeleg for kommunen å planlegge

finmaska detaljer i kommuneplanprosessen for heile den utbygde strandsona. Årsaka er at Austrheim kommune har svært lang strandsona. Slik kommunen ser det vil eit dispensasjonsvedtak i denne saka heller ikkje skape ein presedensverknad for liknande tiltak i strid med KPA i område. Årsaka er at telemaster ikkje er noko som kan byggast mykje av. Det er begrensa marked. Ein kan dermed ikkje sjå at dette skal kunne skapa fleire søknadar, ei heller i same område.

Kommunen kan med heimel i pbl. § 19-2(1) ”gi varig eller midlertidig dispensasjon frå bestemmelsar fastsett i eller i medhald av denne lov.”

Det følger imidlertid av andre ledd at dispensasjon ikkje kan gis dersom omsyna bak bestemmelsane det dispenserens frå, eller omsyna i lovens føremålsbestemmelse, eller nasjonale eller regionale interesser blir *“vesentlig tilsidesatt.”* I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon være *“klart større enn ulempene.”*

Spørsmålet er om dei omsyn bak område i kommuneplanen, omsyna i lovens føremål eller nasjonale eller regionale interesser blir «vesentlig tilsidesatt» ved å gi dispensasjon til omsøkt tiltak.

Ordlyden peiker på at det ikkje er nok at omsyna blir tilsidesett, men dei må vere merksamt tilsidesett jf. omgrepet «vesentleg».

Det er ønskjeleg at strandsona skal nyttast av flest mogeleg og at strandsona ikkje skal byggjast ut bit for bit. Omsøkt tiltak vil berre medføra endring av marginal karakter, og vil ikkje tilsidesette omsyna bak byggjegransa eller LNFR i «vesentlig» grad og kommunedirektøren kan i stor grad tilslutta seg søkars vurdering på dette område.

Slik kommunen ser det vert dermed dei omsyn bak område i kommuneplanen og omsyna i lovens formål ikkje «vesentlig tilsidesatt» ved å gi dispensasjon til omsøkt tiltak.

Det neste spørsmålet er om fordelane ved å gi dispensasjon vil vera *“klart større enn ulempene.”*

Ordlyden peikar på at det føreligg ein høg terskel for dispensasjon ettersom fordelane må vere «klart større» og det må føretakast ein samla vurdering av alle omsyn.

Det er ikkje tilstrekkeleg for dispensasjon at ulempene ved dispensasjon er beskjeden. Vurderinga må vise at det føreligg relevante, klare og positive fordelar samanhaldt med ulempene. Lovens vilkår om kvalifisert interesseovervekt krev at dei relevante fordelane må ha stor vekt dersom vilkåret skal vere

oppfylt.

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at omsøkt dispensasjon vil nokon klare ulemper for arealføremålet eller byggeforbudet i strandesona. Som tidlegare nemnt er omsøkte område i eit allereie etablert LNFR- område og det er ikkje eit urørt område. Ulempene ved tiltaket er minimale i eit allereie berørt område og arealmessig må det opplevast som beskjeden endring samanliknat med dagens lovlege tilstand.

Vidare er fordelane med å gi dispensasjon her sterk samfunnsmessig nytte av eit utvikla 5G-nett til kommunikasjon. Dette omsynet kjem med tyngde inn i vurderinga. Den omsøkte tiltak vil etter kommunen sitt syn fremja dette omsynet. Kommunedirektøren finn det føremålsteneleg å gi dispensasjon ved å slutta seg til dei klare fordelane som allereie er nemnt over og dei som er trukket fram av søkar.

Eit dispensasjonsvedtak i denne saka kan etter kommunedirektøren si vurdering heller ikkje skapa presedens for tilsvarende søknader i strid med strandsoneomsynna her og elles i kommunen. Kommunedirektøren meiner at det bør gjevast ettersom fordelane ved å gi dispensasjon her er *“klart større enn ulempene.”* Kommunedirektøren rår til at det vert gjeve dispensasjon som omsøkt.

## **Konklusjon**

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 som omsøkt

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

